



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Oslo, 26.10.2011
Deres ref.: 201003500-/EGA, Vår ref.: 11/1434
Saksbehandlar: Arne Jensen
Seksjon for helsestatistikk

Høyringsvar - forslag til lovendringar i samband med etablering av Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret og forslag til nokre andre endringar i helseregisterlova (intern kryptering) mv.

Statistisk sentralbyrå (SSB) viser til Helse- og omsorgsdepartementet sine høyringsdokument på departementet sine nettsider om nemnte sak, med høyringsfrist 01.11.2011. SSB har behandla høyringsnotatet på bakgrunn av eigne oppgåver og ansvarsområde slik desse er uttalt i statistikkloven. SSB har lagt vekt på å kommentere omtala av korleis opplysningane i Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret kan bli brukt til statistikkformål.

Departementet diskuterer om Helsearkivregisteret skal bli heimla i helseregisterlova eller i ei heilt ny lov om Helsearkivregisteret, og sluttar at den beste løysinga vil vera å gjera ei endring i helseregisterlova § 3 om verkeområde og føya til ein ny paragraf i helseregisterlova som fastset at Helsearkivregisteret er eit sentralt helseregister, jf kapittel 4.2.3 Framlegg frå departementet. Departementet motiverar blant anna slutninga med at formålet med bevaring og bruk av helsearkivmateriale i regi av Norsk helsearkiv i det store og heile fell innanfor ramma av dei føresegnene som definerer formålet med helseregisterlova. Departementet legg vekt på at dette særleg gjeld føresegna om at formålet med lova er at ho skal leggja til rette for forskning og statistikk som kan bidra med informasjon og kunnskap om helseforhold, årsaker til nedsett helse og utvikling av sjukdom.

SSB er einig med departementet i at Helsearkivregisteret vil innehalde verdifull informasjon som bør bli gjort tilgjengeleg for forskings- og statistikkformål. Det er blant anna grunn til å tru at informasjonen kan bidra til at det blir produsert statistikk om sjukdomsførekomst og bruk av helsetenester i befolkninga som ikkje lar seg gjere med utgangspunkt i dei registra som allereie eksisterer. Trass i at registeret utelukkande skal innehalde eldre, bevaringsverdige pasientarkiv frå spesialisthelsetenesta, og difor berre vil inkludere historisk informasjon om dei som tidlegare er behandla i ein avgrensa del av helsetenesta, vil registeret gjere det mogleg å presentere tidsseriar tilbake i tid. Samanstillar ein desse tidsseriene med tidsseriar frå til dømes Norsk pasientregister, vil det vidare vere mogleg å skape eit meir heilskapleg bilete av utviklinga over tid.

SSB ønskjer elles å påpeke at departementet bør vurdere å opne for at det skal vere mogleg å samanstillere opplysningar frå Helsearkivregisteret med sosioøkonomiske opplysningar frå statistikkregister i SSB for forskning og statistikk. Ei slik opning kan bidra til meir historisk innsikt i befolkninga si helsetilstand og bruk av helsetenester etter sosiale dimensjonar som til dømes inntekt og utdanning, noko som vil bidra til å styrke

kunnskapsgrunnlaget om sosiale forskjellar i helse, slik dette blant anna er omtalt i St.meld. nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjamne sosiale helseforskjellar. SSB vil anbefale at moglegheita for denne typen sammenstilling av data blir handtert i samband med utforming av forskrift til Helsearkivregisteret, og at det blir dratt vekslar på erfaringane frå arbeidet med Norsk pasientregisterforskrifta.

Statistikkloven definerer SSB som ”det sentrale organ for utarbeiding og spreining av offisiell statistikk”. Som uavhengig statistikkprodusent kan vi også bidra til å gje statistikk basert på Helsearkivregisteret legitimitet. Vi ønskjer difor å kunne bidra aktivt i prosessen rundt arbeidet med utarbeiding av registerforskrift, med særleg vekt på moglegheita for å bruke registeropplysningane til statistikkformål.

Med vennlig helsing


Hans Henrik Scheel
administrerende direktør